



## ÅRSMØTE SIRDAL BYGDEKVINNELAG, Runtlenseset, 20.10.20

Det møtte tretten (13) personar på årsmøtet.

### 1. Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent.

### 2. Val av møteleiar

Solveig Marie Ådneram var vald til møteleiar

### 3. Val av referent

Åse-Berit Fidjeland vart vald til referent

### 4. Val av to medlem som saman med møteleiar skal underteikna protokollen

Siri Fidjeland og Anne Grethe Nerheim Ådneram vart valde til å underteikna protokollen.

### 5. Handsaming og godkjenning av årsmelding

Sekretæren gjekk gjennom årsmeldinga, vedlegg 1, og årsmøtet godkjende meldinga med endringar, og som vert retta direkte i årsmeldinga, vedlegg 1.

### 6. Handsaming og godkjenning av rekneskap

Utdelt detaljrekneskap var førsteutgåva, noko som var sekretæren sin feil, men underskriven rekneskap var korrekt.

Rekneskapen vart samrøystes godkjent av årsmøtet, vedlegg 2 og 3.

### 7. Vedta budsjett for 2021

Utdelt forslag til budsjett var førsteutgåva, noko som var sekretæren sin feil, så kasseraren gjekk gjennom dei ulike postane. Ho informerte òg om at SBK har søkt om støtte til tapte inntekter i samband med utsett basar, og har fått dekkja 70%, dvs. kr. 33 600,-, frå Lotteri- og stiftelsestilsynet. Denne summen er fordelt på medlemsmøte og arrangement i 2021.

På spørsmål om kva som skjer med dei lodda som alt er selde, er svaret at dei vert ein del av neste basar. Det var òg levert inn gevinstar, og det same skjer med dei.

Budsjettet vart samrøystes godkjent, vedlegg 4.

### 6. Forslag til aktivitetar i 2020/2021

Forslag som kom fram i årsmøtet både skriftleg og munnleg:

- bli kjend i bygda-turane held fram - variera dagar
- toppturar
- befarings/tur til vindmøllepark
- revytur, teatertur for vaksne/barn, konsert
- matkurs:
  - persesynte
  - potetkaker
  - flatbrød og lefse
  - Sofiekaker
  - retter av vilt (elg og hjort)
  - matnyttige planter m/plukking og matlaging (bjørkesevje, ramslauk, skvallerkål osv.)

- medisinerplanter m/teori og plukking
- julekaker/-bakst
- parteringskurs
- tradisjonsmat
- opne føredrag som inkluderingskveld m/Sosan Asgari Mollestad
- opne arrangement utan påmelding
- songkveld med trekkspelgruppa
- juleverkstad vaksne og barn
- juledekorasjon
- pilkurs (hekk av pil)
- kurs eller tematur om hage/planter
- keramikkurs
- glasskurs, jf. på Sola for ei stund sidan
- knivkurs
- Norspinn og B20 (ølsmaking)
- vinkurs
- bilkino
- blomhandel og besøk i andre lag
- temakveld gjenbruk
- blomsterdekorasjon
- kurs saman med andre; Husflidslaget - karda og spinna  
Bondelaget  
Sirdal fjellgolf
- besøk til Ystepikene på Varhaug  
Bjåen gard i Setesdal

Nokon som kan vera kursleiar i *KvinnerUt - kompetanse*?

- Korleis spreia aktivitetane?
- oppslagstavle nett
  - snakka saman
  - invitera ein nabo du som oftast ikkje inviterer
  - SMS
  - inga påmelding/spontant

## 7. Innkomne saker

Solveig Marie Ådneram informerte om lokallagssamlinga 20.-21. november 2020 i Haugesund. Vats, Imsland, Skjold og Tysvær BK skulle arrangert fykesårsmøte, og ein del av programmet blir brukt i denne samlinga. Sosan Asgari Mollestad og Grete Holmboe snakkar om integrering, "Bygdekvinne deler matglede" og diverse organisasjonskurs (som parallellseksjonar). Samlinga er open for alle medlemmer, og to i styret har fått dekka deltaking.

## 8. Val av nytt styre

Valkomiteen ynskte inn yngre krefter sidan det var yngre medlemmer som gjekk ut av styret, men... Forslaget deira vart godkjent ved akklamasjon, vedlegg 7, og nytt styre er:

- |                         |                           |
|-------------------------|---------------------------|
| Åse-Berit Fidjeland:    | Eitt år att               |
| Helga Hadland:          | Nyval (to år)             |
| Anita Haugen:           | Eitt år att               |
| Tone Østtveit Kvinen:   | Eitt år att               |
| Eva Marianne Tennfjord: | Nyval (to år)             |
| Siri Fidjeland:         | 1. vara - attval (eit år) |
| Anette Grønning:        | 2. vara - nyval (eit år)  |

Revisor: Anne Mette Hovland - attval (eit år)

Valkomit  - dei som g r ut av styret:


Helin Morel og Solveig Marie  dneram

Leiar Solveig Marie  dneram arrangerte kviss, som skulle vore gjennomf rt i fjor, der Siri Fidjeland vann bogen fr  Bruk heile dyret-aktiviteten. Nestleiar Tone  sttveit Kvinen takka dei to som gjekk ut av styret, og leiaren avslutta med   takka for seg og for framm tet.

25.10.20,  se-Berit Fidjeland (referent)

  
Solveig Marie  dneram (leiar)

  
Siri Fidjeland

  
Anne Grethe Nerheim  dneram